

Grasrotandelen til Norsk Tipping har så langt gjeve nesten 8.000 kroner til dei tre laga frå Uskedalen som til no er registrert i Frivillighetsregisteret i Brønnøysund.

Idrettslaget har fått 3.335 kroner frå 22 spelarar, skulemusikken 3.725 kroner frå 34 spelarar og helselaget 778 kroner frå 13. spelarar. Tilsaman blir dette 7.838 kroner.

Det lager i kommunen som framleis ligg på ein klar fyrsteplass i denne 'tevlinga', Trio Idrettslag, er no oppe i 37.093 kroner.

Men det er enno slett ikkje for seint for fleire lokale lag å registrera seg!

Det er fem prosent av innsatsen som går direkte til det lag eller forening som ein ønskjer å støtta og ein blir ikkje belasta for noko ved å vera grasrotgjevar.

Ein treng Norsk Tipping sitt spelarkort for å knytta seg til ordninga. Det får ein anten kjøpt hos kommisjonæren eller ein kan bestilla det direkte frå www.norsk-tipping.no

Av Ola Matti Mathisen